



Tannlegen skal ikkje koste meir enn fastlegen

Det er på tide
å **tette hola** i
velferdsstaten.



Marie Sneve Martinussen,
leiar i Raudt. Foto: Inne Pedersen

Tennene er ein del av kroppen

Ein vanleg familie har dårlegare råd no enn for ti år sidan. Det er dyrt å bu, dyrt å handle mat og dyrt med straum. Hos fastlegen har vi frikort, men hos tannlegen er det bankkortet som gjeld.

Andre parti har fått mange sjansar, men forskjellane held fram med å auke. For Raudt er kampen mot Forskjells-Noreg den aller viktigaste.

Vi bruker styrken vi får i val til å skape faktisk forandring. Raudt har allereie fått fleirtal for at det skal lagast ein plan for å utvide det offentlege ansvaret for tannhelse.

Du kan gi oss styrken til å utvide velferda og setje i gang ei ordentleg tannhelsereform, med frikort for alle, slik at tennene blir behandla som ein del av kroppen.

Det er på tide å stemme på ein utfordrar.

RAUDT JOBBAR FOR:

- At tannlegen ikkje skal koste mer enn fastlegen.